



Fiskeri- og havbruksnærings landsforening

Nærings- og fiskeridepartementet
postmottak@nfd.dep.no

Vår dato 22.09.2014
Dykkar ref 14/5969-2

Høyringsvar – endringar i strukturkvotetaket for torsketrål og ringnot

Fiskeri- og havbruksnærings landsforening (FHL) viser til høyringsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet datert 23. juni 2014 med forslag om auka kvotetak for torsketrål og ringnot.

Strukturordningane i fiskeflåten har ført til effektivisering i flåteleddet, og har gitt nødvendig kapasitetsreduksjon. Ordningane legg også til rette for profesjonalisering og modernisering, som er positivt for fiskeindustrien når det gjeld fangsthandtering, kvalitet og regularitet. Samtidig fører ordningane til konsentrasjon av kvoter og færre leverandørar (i form av talet på fartøy) for industrien.

FHL er positive til tiltak som fører til effektivisering, betring av råstoffkvalitet og betre lønsemd i næringa. Samtidig er det avgjerande at tiltaka vert vurderte i eit verdikjedeperspektiv. Vi konstaterer at eventuelle konsekvensar for fiskeindustrien ikkje er vurdert i høyringsbrevet, og vi finn det oppsiktsvekkjande. FHL hadde forventa at det vart retta større merksemd mot effektane av strukturvoteordningane for heile verdikjeda, og korleis ein endra flåtestruktur vil slå ut for råstofftilgangen, konkurransesituasjonen og produksjonen for industrien.

FHL finn også grunn til å igjen påpeike at det er svært uheldig at fiskeindustrien gjennom deltakarlova er avskoren frå å påverke strukturutviklinga i fiskeflåten, og vil åtvare mot at dette kan gi tilpassingar som ikkje er optimale for verdikjeda i Noreg samla sett.

Tveteråsutvalet vil leggje fram si innstilling om rammevilkåra for norsk sjømatnæring mot slutten av året, og denne rapporten vil venteleg gi ein brei debatt om organiseringa av sjømatnæringa i Noreg. FHL meiner at spørsmål knytte til strukturordningane for fiskeflåten ideelt sett skulle ha vore vurderte i samheng med utvalet sine forslag. Vi konstaterer likevel at departementet har sendt forslaget på høyring, og i fall departementet vel å gjennomføre endringane no tek FHL det til etterretning.

Med helsing

Fiskeri- og havbruksnærings landsforening

Sverre Johansen
direktør industri

Kyrre Dale
fagsjef industri